

Norges vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Vår ref:
2018/7175221/2018/S40

Dykkar ref:

Saksbehandlar
SASA / 47463218
sander.saelthun@lom.kommune.noDato
20.10.2018


Nasjonal ramme for vindkraft - Innspel om viktige interesser innanfor analyseområde nr.8 – Lom kommune

Vi viser til bev frå NVE 08.06.2018, ref.: 201801666-9. Lom kommune har følgjande innspel til NVE sitt arbeid med arealanalyser i samband med nasjonal ramme for vindkraft:

Verneområde etter naturmangfaldlova: Jotunheimen nasjonalpark, Smådalsvatni naturreservat

Avgrensing av analyseområde nr. 8 mot vest går delvis inn i Jotunheimen nasjonalpark – m.a. i området Nonshøe – Smådalsshøe, og ved Hindnubban. Heile den delen av analyseområdet som ligg i Lom kommune ligg innanfor *landskapsrommet* Jotunheimen.

I tillegg ligg verneområdet Smådalsvatni naturreservat i si heilheit innanfor analyseområdet. Føremålet med fredinga er å bevare eit viktig våtmarksområde og eit spesielt rikt myrområde med vegetasjon, fugleliv og anna dyreliv som naturleg er knytta til området, særleg av omsyn til hekkande vassfugl og ein rik og variert vegetasjon og flora.



Verneområde etter nml; Nasjonalpark med grøn skravur, naturreservat med raud skravur

Postadresse
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.noBesøksadresse
Midtgard
www.lom.kommune.noTelefon
61217300Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677

Friluftsliv

Lom kommune har ikkje gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde etter Miljødirektoratet sin rettleiar og kan derfor ikkje vise til konkrete avgrensingar på kart.

Det er likevel viktig å understreke at analyseområdet omfattar verdifulle natur- og friluftsområde knytt til reiselivsbedriftene ved Tesse, som Brimi Fjellstugu, Brimi seter og Vianvang (i Vågå).

Ein vesentleg del av desse viktige friluftsområda er ikkje ekskludert gjennom dei arealanalyser som NVE har gjort så langt, jfr. kart «med eksklusjoner».


Det same gjeld Veodalen aust for nasjonalparkgrensa, dette er ein viktig innfallspurt for turismen i Jotunheimen (bilveg mot DNT-hytta Glitterheim).

Kulturminner – kulturhistoriske landskap (KULA)

Det pågår ein prosess i Oppland med forslag til **KULA-område** dvs. **kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse**. Forslag til KULA-område i Oppland har ikkje vore på høyring enda, men kommunane har blitt orientert. Avgrensinga er førebels, og kart vist under er ut frå den orientering kommunane har fått frå Oppland fylkeskommune og Riksantikvaren så langt.

KULA-område Tesse-Smådalen:

Dette området omfattar størsteparten av arealet innanfor analyseområde nr. 8 i Lom kommune:



Sitat frå skildringa av området, utarbeidd av kulturarveininga i Oppland fylkeskommune:

Landskapet forteller en historie om ekstensiv utnyttning av bygdenære utmarksressurser over svært lang tid. Veien er kort fra bygda og opp mot et område som er rikt på ressurser i form av storvilt, rein, fiske, beiteområder og myrmalm.

Undersøkelsene av Tesse som fiskevann har gitt ny kunnskap og satt fokus på innlandsfiske som en svært viktig ressurs, ikke bare i nyere tid, men og tilbake til yngre jernalder og middelalder, og kanskje også så langt tilbake til yngre steinalder. Dette er særlig interessant fordi slike vann ofte ikke har naturlig tilgang for fisk. Når vi ser spor etter fiske i yngre jernalder i Tesse, er dette et resultat av

at mennesker fra bygda har båret fisk opp til vannet for å sette ut. En aktivitet som viser en planlegging av utnytting av ressurser over lange perioder.


Nærheten mellom Tesse og funnene i isen på Kvitingskjølen gir en viktig bredere kulturhistorisk kontekst for de brearkeologiske funn, som er av internasjonal interesse.

I heile den delen av analyseområde 8 som ligg i Lom kommune er det ein uvanleg stor konsentrasjon av automatisk freda kulturminne knytt til villreinsfangsten – store system med fangstgraver, bogestillingar og buer/ tufter knytt til fangstanlegga. Dette gjeld ikkje minst Kvitingskjøl-området, fjellområda mellom Smådalen og Visdalen, og austre del av Veodalen.

Tamreindrift – konsesjonsområde/beiteområde


Kartet nedanfor viser registrerte beiteområde for tamrein i Lom og Vågå. Turkis line viser kommunegrensa. Lom tamreinlag har ei vinterstamme på ca 2.300 dyr, og har det viktigaste beiteområdet sitt i Vårdalen statsallmenning og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Reinen kalvar i området Smådalen/ Veodalen og utover sommaren beiter flokken i området Veodalen og sør-vest mot Gjende fram til haustslaktinga i september. Områda i Smådalen, Veodalen og ved Kvitingskjølen blir nytta fram mot vinterslaktinga i Sålell i desember. Utpå vinteren blir reinen flytta lenger vestover før det ved påsketider går austover att mot kalvingsområda.

På Grønhøe mellom Smådalen og Veodalen er sanke- og slakteanlegget til Lom tamreinlag. I tillegg er det samlekke for vinterslakting ved Sålell.



Inngrepsfrie område - INON

Kart over inngrepsfrie område (INON) gjev ein oversikt område og avstanden til fysiske inngrep. Kartutsnittet nedanfor viser at m.a. Kvitingskjøl-området har *villmarksprega område*, dvs. sone med meir enn 5 km avstand til tekniske inngrep. Denne sonen omfattar mindre enn 12% av fastlandsarealet i Noreg, jfr. www.miljostatus.no.



Avslutningsvis vil Lom kommune peike på at det er viktig med god dialog mot kommunane i denne prosessen. Dei berørte kommunane må få høve til å uttale seg når arealanalysen er gjennomført, før prosessen munnar ut i eit ferdig forslag til nasjonal ramme for vindkraft.

Denne uttalen har vore behandla av formannskapet i Lom den 19.10.2018, sak 2018/72. Utskrift av saksprotokollen er lagt ved

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Med helsing

Sander Sælthun
plan- og miljøvernrådgjevar